

Eidsdal og Norddal Bondelag
Eidsdal/Norddal sau og geit
Norddal bonde og småbrukarlag
6214 Norddal

Norrdal 22.09.2017

Rovviltnemnda i region 6 Midt-Norge

c/o Fylkesmannen i Nord-Trøndelag

Postboks 2600

7734 Steinkjer

Høyringsuttale til revidert revidert forvaltningsplan for rovvilt.

«Eidsdal og Norddal Bondelag vil be om at grensa for forvaltningsområde for jerv vert flytta slik at ingen del av verdsarvområdet ligg inne i forvaltningsområdet.»

Området har eit utprega kulturlandskap som følge av beiting og bruk av naturen i generasjonar, noko som også var medverkande til ein oppnådde verdsarvstatus. I dag ser ein aukande grad av attgroing av kulturlandskapet og vi ser faktisk behov for å få fleire beitedyr til området for å kunne bremse/stoppe utviklinga. Vi ser ikkje andre måtar å vedlikehalde kulturlandskapet her på enn med beiting, og då er det ikkje verken ynskjeleg eller formålsteneleg å ha eit forvaltningsområde for jerv i dette området.

Dersom siste års auke i observasjonar av jerv samt tap av småfe til jerv kjem til å fortsette ser vi mørkt på om det i heile tatt vil vere beitedyr av noko særlig omfang i området nokre år fram i tid. Vi kan ikkje sjå at dei eventuelle avbøtande tiltaka vil vere nok til at bønder vil ta belastninga med å sende dyra sine inn i forvaltningsområdet.

Eidsdal og Norddal Bondelag vil be om at dette viktige området, både nasjonalt og internasjonalt, vert prioritert til beitedyr og ikkje jerv.

Karl Inge Lilleås

Eidsdal og Norddal Bondelag

Marit H. Rønneberg

Eidsdal/Norddal sau og geit

Norrdal bonde og småbrukarlag